



Saksframlegg

Dagsturhytte

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Telemark fylkeskommune starta arbeidet med etablering av dagsturhytter i Telemark i fjor haust. Målet er at alle kommunar i Telemark skal ha sett opp ei attraktiv dagsturhytte innan utgangen av 2026, og at hyttene skal brukast som turmål for alle innbyggjarar. Det skal ikkje byggjast nye hytter, men nyttast eksisterande bygg som løer, naust og uthus, som skal setjast i stand til føremålet. Telemark fylkeskommune har i si vurdering lagt vekt på at det, i eit berekraftperspektiv, er viktig å bruke eksisterande bygg – gjerne med kulturhistorisk verdi.

I Fyresdal vedtok kommunestyret (sak 2024/2123), samrøystes, å melde seg som deltakar i Telemark Fylkeskommune sitt Dagsturhytte prosjekt.

Administrasjonen ved kultur og næring har sidan då arbeidd med ein medverknadsprosess for å få fram ulike prospekt og moglege plasseringar i Fyresdal.

25.03.2025 inviterte vi til ope medverknadsmøte og der blant anna representantar frå turlaget møtte. I møtet kom det innspel plassering i Kilegrend, Stykkjevika, Skredvatn, Sentrum og Birtedalen. Administrasjonen har fylgd opp dei ulike alternativa.

- Skredvatn ligg delvis i Tokke og gjer det dermed meir kompleks å arbeide vidare med.
- I sentrum av Fyresdal er det få reelle alternativ, delvis grunna kravet om avstand (30 min) og delvis grunna egna areal.
- Vi har og hatt dialog med Kilegrend grendelag, som ikkje er uinteressert men det kjem heller ingen konkrete forslag til plassering eller eksisterande bygg.
- Stykkjevika kan vere eit aktuelt område for plassering av dagsturhytte. Stykkjevika er eit populært område, både for villcamping, rekreasjonsområde for lokale og for arrangement som Troll Rally.

Vi har og hatt møte interessegrupper i Birtedalen, både grunneigarar og Sti og løypelaget, og i dette møtet var det både vilje og evne til å finne egna bygg og tomt til plassering av ei dagsturhytte.

Olav Kvipt tilbyr Plasslistøyle, tidlegare støyl som nå er grodd att. Olav Kvipt har og ei tømre ståande i Bandaksli, høyløe 1860 5.40 x 4.50 utvendig, den kan vi få mot å sette opp mot at den kjem opp i Plasslistøyle. Planen har vore å flytte bygget til Kvipt. Bygget er eigd av Vidar Lyngdal som har avtale med Olav Kvipt om overtaking. Bygget er tilgjengeleg kostnadsfritt mot at det blir flytt til Plasslistøyle i Birtedalen.



Figur 1: Kartet viser omtrentleg plassering

Avstand frå parkering er mellom 2,0 km og 2,5 km avhengig av om ein parkerer ved Birtesanden eller andre enden av Birtevatn. Det er også mogleg å padle eller gå over isen om vinteren.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Næring og arbeidsplassar, Samfunnsutvikling, kultur og frivillige samt strategi for Oppvekst og utdanning.

- Strategi for Næring og arbeidsplassar - med tiltak å stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar er særskild relevant for plassering av dagsturhytte.
- Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige – med tiltaka ;
 - Legge til rette for å skape gode bustadar og nærmiljø
 - Ta vare på kulturarven
 - Legge til rette for aktivitet i alle aldersgrupper som gjev tilbod til fleire generasjonar samtidig
 - Legge til rette for møteplassar
- Strategi for oppvekst og utdanning med tiltaka
 - Aktivt bruke naturen som opplæringsarena

I tillegg har vi sett til vedtatt plan for kulturbygg idrett og friluftsliv som famnar om blant anna desse tiltaka;

- Fleire møteplassar for uorganisert aktivitet
- Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar

- Friluftsliv for alle der Birtedalen står nemnd som eit område for utvikling av aktivitet og skiområde.

Stykkjevika

Vurdering av Stykkjevika som plassering for dagsturhytte

- Tilgjengelegheit og parkering
Parkeringsplassen ligg svært nær området, noko som bryt med intensjonen bak dagsturhytte-konseptet – nemleg at hytta skal vere eit turmål med ei oppleving på vegen inn. Konsekvensen kan vere svekke opplevinga av å vere “på tur” og gje eit dårlegare heilskapsinntrykk samanlikna med andre prosjekt i fylket som krev ein faktisk tur inn.
- Besøksstrategi og områdeforvaltning
Det er allereie utfordringar med slitasje på naturen og ukontrollert bruk (villcamping, forsøpling, sanitærforhold). Området manglar ein tydeleg besøksstrategi. Ein dagsturhytte kan forsterke presset, og utan ei overordna besøksforvaltning vil det kunne føre til meir uønska aktivitet og større driftsutfordringar for kommunen.
- Heilårsbruk
Området har i hovudsak sesongbasert bruk (sommar), og manglar struktur for heilårsaktivitet. Det bryt med prosjektets ambisjon om heilårs turopplevingar for alle innbyggjarar.
- Turoppleving og alternative ruter
Alternative parkeringar inn til Stykkjevika (Sentrum eller Flyplassen) gir ei kort og lite opplevingsrik rute. For prosjektet, som legg vekt på tur og oppleving snarare enn mål og utsiktspunkt, er dette ein vesentleg svakheit.
- Sosial bruk og tryggleik
Plasseringa er lett tilgjengeleg for ungdom som ønskjer festplass, noko som kan føre til uønska bruk og behov for meir tilsyn. Drift og vedlikehald kan bli krevjande, og det kan svekke området omdømme som familieturmål.
- Nærleik til “kassa-apparat” / turisme
Stykkjevika er ein sterk attraksjon med høg besøksfrekvens og nærleik til kommersielle aktørar (Hamaren, kafe m.m.). Det kan gje synergieffektar og potensielt høg synlegheit for dagsturhytteprosjektet.
- Stykkjevika - aktuell for Dagsturhytte (seinare)
Dagsturhytte kan ein søkje finansiering frå spelemiddelordninga. Dersom Fyresdal ikkje har eit prosjekt klart med forankring og gjennomføringsplan, er det liten sjanse for å kome med i denne runden.

Birtedalen

I Birtedalen har det dei seiste åra skjedd mykje utvikling i regi av grunneigarar og Birtedalen sti og løypelag. Vinterstid blir det køyrd løyper i området, Birtevatn rundt, Griddalen, Rjupetoheia og Birteskar. Løypene er populære og blir bruka av både hytteturistar og innbyggjarar i Fyresdal. Tilrettelegging av sti / løype rundt heile Birtevatn er og godt i gang, og mykje av løypa er nå tilrettelagt for mange type brukarar. Her byggjer dei ut etter kvart som dei får finansiering.

Det er ikkje satt opp teljarverk i løypene, så vi har ikkje nøyaktig statistikk på passeringar i løypenettverket men årets påske arrangement samla ca 250 deltakarar og over 90 born og unge stilte til start i arrangementet. Vidare arrangerte Birtedalen Stil og løypelag eit turløp med 50 deltakarar og fiskekonkurranse med over 30 deltakar nå i sommar.

Det er også opparbeida ein skibakke som er hyppig bruka gjennom vintersesongen. Denne opparbeidast og blir vedlikehald av grunneigar. Bakken er tilgjengeleg for alle og inntekter er basert på frivillig donasjon.

Rundt Birtevatn er det bygd fleire lavvoar og tilrettelagt for bål plassar, arbeidet er gjort på dugnad og har bidreg til å gjere naturen tilgjengeleg for alle.

Røde kors har fleire arrangement i løpet av året med utgangspunkt i Birtedalen og bidreg med løypekøyring gjennom vinteren.

Plassering av dagsturhytte i Birtedalen vil også passe godt til Hei-planen som Fyresdal kommune er ein del av. «Heiplanen» er ein regional plan som gjeld for fjellområda i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei, og omfatter og Fyresdal. Planen legg føringar for arealbruk i "nasjonale villreinområde" og i randsoner omkring desse områda – med mål om å balansere vern, bruk og fleksibel stedsutvikling. Erfaring frå arbeid med løypenettet i Birtedalen viser at ein får til ei betre besøksforvaltning med å styre turistane dit ein ynskjer. Dagsturhytte i Birtedalen vil forsterke dette arbeidet.

Finansiering av Dagsturhytter:

Litt avhengig av kva stad og hus ein landar på, er det tenkt fylgjande finansiering i dagsturhytteprosjektet:

Dagstur hytta, inkluderer:

- Eventuell kjøp av hus
- Tilrettelegging av grunn
- Eventuell flytting av bygg
- Eventuell restaurering
- Tilpassing av dagsturhytte konseptet inne og ute

Delvis finansiert av spelemidler og tilskot frå fylkeskommune
Fyresdal kommune sin eigedel finansierast med momskompensasjon.

Eventuell atkomst:

- Tilrettelegging av atkomst, kostnad heilt avhengig av avstand

Finansierast av spelemidler med 50% dekning

Fyresdal kommune sin eigedel finansierast med momskompensasjon og noko eigedel.

Sanitær løysing:

- Prosjektet tilbyr ei utedoløysing kalkulert til omlag kr 100.000,-

Finansierast med spelemidler 1/3 dekning, momskompensasjon, andre relevante stiftingar og noko eigedel.

Førebels tilbakemelding frå styringsgruppa for Dagsturhytteprosjektet i Fylkeskommunen svarar Birtedalen veldig godt til kriteria, mens Stykkjevika ikkje passar like godt inn i dette prosjektet.

Konklusjon:

Stykkjevika er ein attraktiv plass i seg sjølv, men ikkje eigna for dagsturhytte i Telemark Fylkeskommune sitt Dagsturhytteprosjekt. Manglande besøksstrategi, kort turløype, svak

heilårsbruk og risiko for ukontrollert aktivitet gjer at området ikkje oppfyller intensjonen med Telemark fylkeskommune sitt dagsturhytteprosjekt. Ein meir robust plan med besøksforvaltning, heilårsbruk og ein tydeleg tursti kan likevel på sikt gjere området aktuelt i ein *seinare spelemiddelrunde*.

Birtedalen er det mest egna området for plassering av ei dagsturhytte i Fyresdal. Løysinga med ei grunneigaravtale på Plasslistøylen og kostnadsfri overtaking av høy-sel frå Bandaksli er eit attraktivt alternativ.

Kombinasjonen av dugnadstradisjonar i området, grunneigarar med kunnskap, vilje og evne til å bidra, samt ei etablert brukargruppe som består av hytteturistar, dagsturistar og innbyggjarar styrkar argumentasjonen for å legge dagsturhytta til Birtedalen.

Det er foreløpig ikkje ferdig utarbeida budsjett eller finansieringsplan for Dagsturhytte som skissert over. Dersom kommunestyret ynskjer å gå vidare med Birtedalen som aktuell plassering må arbeidsgruppa sjå vidare på;

Utgangspunktet er at Dagsturhytteprosjektet ikkje skal føre til vesentlege investeringskostnader for kommunen då finansiering frå Telemark Fylkeskommune, spillemiddelordning og moms-komp skal dekke det meste av kostnader

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune melder Birtedalen, Plasslistøyl og høy-sel frå Bandaksli inn som prospekt for Dagsturhytteprosjektet. Når neste fase er landa, med kostnadsoverslag og finansieringsplan vil det bli ny orientering og politisk sak i kommunestyret. Dette er forventa å vere på plass første kvartal 2026.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef